



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar -Alver - 123/45 - Risa - kai og flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 25.09.23. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå plankrav, plan og bygningslova § 1-8, og arealføremåla friområde og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone for oppføring av kai og flytebrygge.

Alver kommune av slo søknad om dispensasjon i administrativt vedtak datert 10.01.2023. Vedtaket vart klaga på av Harris Advokatfirma AS på vegne av eigar.

Utval for areal, plan og miljø gav i vedtak 07.06.2023, saknr. 091/23, dispensasjon for kai og flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 31.07.23.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 20.09.23, i sak 123/23, og klaga vart ikkje teken til følgje. Alver kommune gav ikkje utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 jf. brev datert 23.08.23.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltar etter oppnemning

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Alver kommune
Dag Unnar Mongstad

Postboks 4
Storhaugen 49

5906
5955

FREKHAUG
Lindås